

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Sakshandsamar: Gerd Kleiven, tlf: 57 62 96 30

Vår ref
08/1132-1

Eining/avd/
SADM/TTI

Arkiv
433 &13

Dykkar ref

Dato
09.05.2008

Høringsfråsegn til Stjernö-utvalet frå Sogndal kommune.

Stjernö-utvalet har lagt ned eit grundig og reflektert arbeid. Som utvalet peiker på er endringar i sektoren nødvendig. Sogndal kommune ser difor fram til det vidare arbeidet og ber Kunnskapsdepartementet ta med seg våre innspel når dette vert gjennomført.

Å ha eit godt utdanningstilbod over heile landet er nødvendig for å kunne ta heile landet i bruk. Såleis er HSF ein av dei viktigaste institusjonane i Sogn og Fjordane. HSF har bidrege til eit høgt utdanningsnivå hjå innbyggjarane i fylket. Eit høgt utdanningsnivå vil bli stadig viktigare for samfunnsutviklinga i åra framover. Lik rett til utdanning har lenge stått sentralt i det norske samfunnet, men Stjernö-utvalet har hatt for lite fokus på denne grunnleggjande verdien som dette representer.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har i mange år vore den viktigaste leverandøren av høgt utdanna kandidatar til fleire sektorar i samfunnet. Dette gjeld særleg førskulelærarar, lærarar, sjukepleiarar og sosialarbeidarar. Kvaliteteten og tilgangen på velferdstenestene i Sogn og Fjordane vil også i framtida vere avhengig av at fylket har god tilgang på høgskulen sine utdanningstilbod. Stjernö-utvalet peikar på dette i innstillinga si, men for eit fylke som Sogn og Fjordane er det heilt avgjerande korleis dette vert utvikla vidare. Stjernö-utvalet peikar på at nær tilgang på studietilbod ser ut til å auke interessa for høgare utdanning. Eit høgt utdanningsnivå er eit mål for alle politiske parti.


Utvalet har ei for lite nyansert og lite dokumentert tru på at store institusjonar og fagmiljø fungerer betre enn mindre miljø. Det blir og hevda at NOKUT-evalueringane viser eit behov for større einingar. Ser ein til dømes på lærarutdanningane og sjukepleiarutdanningane, kan vi ikkje sjå at desse evalueringane på nokon måte fortel at dei store byskulane har høgare kvalitet. Det vert her vist til evalueringa av HSF sine utdanningar, samanlikna med nokre større utdanningar. Her er det vanetru og tradisjon, ikkje empiri som styrer konklusjonane frå utvalet.

Stjernö-utvalet peikar på at det er ei nær samanheng mellom innbyggjarane sitt utdanningsnivå og økonomisk produktivitet og innovasjonsevne. Dette er konklusjonar som Sogndal kommune støttar fullt ut og ein forventar at kunnskapsdepartementet legg dette til grunn framover. Ny struktur i UH sektoren må så langt råd er bygge opp under dei samfunnsoppbyggjande sidene ved dei regionale institusjonane.

Dagens finansieringsmodell der mellom anna resultatløyvingar utgjjer ein vesentleg del, fungerer i seg sjølv som ein sentraliserande faktor. Sogndal kommune er difor einig med

Stjernøutvalet at det bør gjennomførast endringar i finansieringsmodellen der ein legg meir vekt på langsiktig styring og strategisk tenking. Dette bør sjåast i samanheng med verdien av lik rett til utdanning og UH-sektoren sin regionale og samfunnsbyggande rolle.

Med helsing


Jarle Aarvoll
- ordfører -

Heidi-Kathrin Osland
- varaordfører -